



Kirsti Abbedissen
Bruvegen 70
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5493 - 14/20631

Saksbehandlar:
Tor Hegle
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:
16.09.2014

Løyve til dispensasjon og løyve til tilbygg - gbnr 188/470 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 264/14

Tiltakshavar: Kirsti Abbedissen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 10m² og bygd areal (BYA) ca. 21m².

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå Plan- og bygningslova § 29-4.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.06.14 og supplert 5.08.14.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 5.08.14. Som følge av søknad om dispensasjon er det ikkje frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå Plan- og bygningslova § 29-4.

Det er søkt dispensasjon med grunngjeving om at det ikkje har lukkast å få samtykkje frå rørt nabo. Tiltaket vil gi heilskap i fasaden som følgje av andre har utført same type tiltak på staden.

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Søknad om dispensasjon er ikkje nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo på tiltaket.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til eigarane av gbnr 188/471, når det gjeld dispensasjon.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Det vert vurdert at nabointeressene tilstrekkeleg er ivaretatt gjennom nabovarslinga som er skjedd i byggesaka. Kopi av saka vil verte sendt naboar til orientering.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 30.07.14.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigiar av gbnr 188/469 har i dokument datert 5.03.14, samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

VURDERING:

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at tiltaket framstår heilskapleg.

Tiltak på rekkehus der tiltaka frå før ligg i eigedomsgrense, vil ikkje kunne byggast utan at eigedomsgrensa vert rørt. Ulempe for nabo vil ikkje gå ut over den ulempa som allereie er frå før.

Tiltaket medfører ikkje tap av utsikt, eller ha meir generande innsyn enn eksisterande forhold.

Tiltaket vil ikkje medføre meir støy for nabo enn eksisterande forhold.

Det er utført liknande tiltak fleire stader i området.

Dispensasjonsløve vert gitt på vilkår at brannkrava i TEK10 vert tatt vare på.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå pbl§29-4.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova§19-2 vert det gjeve dispensasjon frå Plan- og bygningslova § 29-4, for oppføring av tilbygg.

Med heimel i plan- og bygningslova§ 20-2 vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av tilbygg på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 30.07.14.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5493.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid, kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal tiltakshavar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.4	Dispensasjon	1	8.500
10.3.1	Tilbygg <50 m2	1	6.200
	Totalt gebyr å betala		14.700

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Siril Sylta
Kst Fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kaj Gunnar Nielsen Bruvegen 72 5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Kirsti Abbedissen Bruvegen 70 5914 ISDALSTØ